

# **FORSKRIFT OM ORDEN OG ÅTFERD I GRUNNSKOLEN**

**Aukra kommune**



**Vedteken av Aukra kommunestyre 13. juni 2013**

**i K-sak 35/13**

Ordensreglement er gitt med heimel i Opplæringslova § 2-9:

## **§ 2-9. Ordensreglement og liknande**

Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsett i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første ledd bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerala.

## Kapittel 1 Innleiing

### 1.1 Lovheimel og aktuelle lover/lovparagrafar m/forskrifter

Lov	Paragraf	Tekst	Merknad
Opplærings-lova	<a href="#">1-1</a>	Formålet med opplæringa	Ordensreglement skal bidra til elevane si danning
	<a href="#">2-1</a>	Rett og plikt til grunnskuleopplæring	
	<a href="#">2-9</a>	Ordensreglement og liknande	Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for skulane
	<a href="#">9A</a>	Elevane sitt skolemiljø	
	<a href="#">8-1</a>	Skulen	3. ledd gir grunnlag for å flytte elev(ar) til andre skular av omsyn til dei andre elevane
	<a href="#">13-10</a>	Ansvarsomfang	Krav om forsvarleg system for vurdering av om krav i lov og forskrift blir oppfylt
Forskrift til opplærings-lova (FOL)	<a href="#">3-5</a>	Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd	Grunnlaget for vurdering er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med reglement
	<a href="#">3-6</a>	Karakterar i orden og åtferd	
	<a href="#">3-7</a>	Varsling	Krav om skriftleg varsling når det er tvil om eleven kan få halvårvurdering med karakter el. standpunkt-karakter i eitt eller fleire fag Krav om skriftleg varsling når det er fare for at eleven kan få nedsett karakter i orden og/eller åtverd
Lov om skadeerstatn.	<a href="#">1-1</a>	Barna sitt ansvar	
	<a href="#">1-2</a>	Foreldra sitt ansvar m.v.	
Forvaltnings-lova (fvl)	<a href="#">Kap. III</a>	Reglar for saksbehandling	
	<a href="#">Kap. IV</a>	Saksførebuing ved enkeltvedtak	
	<a href="#">Kap. V</a>	Om vedtaket	
	<a href="#">Kap. VI</a>	Om klage og omgjering	

## **1.2 Innhold og virkeområde**

Ordensreglementet omfattar alle grunnskulane. Reglementet gjeld også skulefritidsordninga (SFO) så langt det passar.

Ordensreglementet inneheld reglar for åtferd, reglar for tiltak som skal brukast mot elevar som bryt reglementet (sanksjonar) og reglar for framgangsmåten når slike saker skal behandlast (saksbehandlingsreglar).

Skulane har ansvar for elevane i undervisning, på arrangement og ekskursjonar med meir der elevane er under leiing av skulen. Dette betyr at ordensreglementet gjeld i alle undervisningslokale, fellesrom og uteareal, på skulevegen og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes i prosjektabeid, på leirskule, ekskursjonar og studieturar.

## **1.3 Skulen sitt eige ordensreglement, mellom anna om elevane sitt psykososiale skolemiljø.**

I tillegg til eit felles ordensreglement, kan kvar enkelt skule utarbeide sitt eige reglement for trivsel, orden og åtferd. Dette reglementet skal ta utgangspunkt i lokale forhold, og skal særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å ta i vare elevane sitt psykososiale skolemiljø, jf. Opplæringslovas § 9A.

Samarbeidsutvalet og skolemiljøutvalet skal ha høve til å uttale seg om skolen sitt lokale ordensreglement. Alle rådsorgana i skulen skal ta del i utarbeidninga av reglementet. Lokalt ordensreglement har status som forskrift.

Lokalt ordensreglement på skolen må ikkje vere i motstrid til opplæringslova eller kommunalt ordensreglement.

# **Kapittel 2 Formål, elevane sine rettar og plikter**

## **2.1 Formål**

Skulane i Aukra kommune skal vere prega av eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, foreldre/føresette og tilsette, der elevane lærer å sjå seg sjølve som medansvarlege for eit godt fellesskap der det blir lagt vekt på sentrale verdiar som respekt og toleranse.

Ordensreglementet for skulane skal vere et virkemiddel for å kunne nå slike målsettingar. Reglementet tek utgangspunkt i at skulen er til for elevane, og at elevane ønskjer å bruke dei positive ressursane sine til å bidra til eit godt skulesamfunn for alle.

## **2.2 Rettar**

Som elev har du både rettar og plikter.

Du har krav på

- å ha eit godt læringsmiljø
- at du skal vere fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/mobbing
- at andre viser deg respekt
- at andre let egedelane dine vere i fred

## **2.3 Plikter**

Du har plikt til å

- arbeide aktivt for å få eit godt læringsmiljø
- ikkje plage eller mobbe nokon, verken fysisk, psykisk eller verbalt
- vise andre respekt
- la andre elevar sine og skulen sine egedelar vere i fred

# **Kapittel 3 Reglar og sanksjonar**

## **3.1 Reglar for orden og åtferd**

Skulen er ein plass for læring. Skulen er også arbeidsplassen for mange, både barn, unge og voksne. Saman har alle eit ansvar for korleis skulesamfunnet fungerer. Det er viktig å skape eit godt arbeidsmiljø både for elevar og tilsette.

Alle elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet, inkludert alminneleg god folkeskikk. Det betyr at elevane skal

- vise omsyn og respekt for andre
- ikkje banne, slåss eller uroe leik og læring
- vise respekt for undervisninga og gjere sitt for å halde arbeidsro i timane
- møte presis til timer og avtalar
- gjere skulearbeidet til avtalt tid
- halde god orden
- gjere sitt for å halde skuleområdet reint og ryddig
- ta godt vare på alt som tilhøyrar skulen, både ute og inne, og stelle fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell
- ta godt vare på personlege egedelar, og så langt det er råd og unngå å ta med verdisaker på skulen

Dette er ikkje tillatt:

- utøve vald
- rasistiske utsegner og handlingar
- mobbing
- seksuell trakassering
- sjikane på grunn av religion og livssyn

- rasistiske utsegner og handlingar
- mobbing
- seksuell trakassering
- sjikane på grunn av religion eller livssyn

## **3.2 Sanksjonar**

Alle sanksjonane skal vere slik at elevane skal forstå kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglane. Dette gjeld både for tiltak i det felles ordensreglementet og for dei lokale ordensreglementa. Eleven skal, dersom det let seg gjere, få høve til å gjere opp for seg.

Brot på reglar som følgje av lov eller reglement, kan sanksjonerast etter reglane i dette kapittelet, dersom ikkje noko anna er nemnt særskilt.

Som hovudregel skal det berre sanksjonerast som følgje av lov eller reglement. Dersom særskilte grunnar tilseier det, kan også andre mindre alvorlege sanksjonar nyttast. Ved brot på reglar som følgjer av de lokale ordensreglement gjeld det same.

Elevar pliktar å rette seg etter sanksjonane. Om elevane ikkje rettar seg etter vedtekne sanksjonar, kan skulen vedta nye sanksjonar.

Fysisk refsing og anna krenkjande behandling må ikkje brukast.

Skulen kan som hovudregel ikkje bruke kollektiv straff for handlingar som er utførte av enkeltelevar i gruppa/klassen.

### ***3.2.1 Tiltak mot bot på ordensreglane***

Brot på ordensreglane kan føre til at følgjande tiltak blir sette i verk:

- Munnleg irettesetting
- Munnleg melding til foreldre/føresette
- Skriftleg irettesetting/åtvaring
- Skriftleg melding til foreldre/føresette
- Inndraging av gjenstandar som blir brukte på ein farleg eller provoserande måte  
Inndregne gjenstandar skal leverast tilbake til foreldre/føresette
- Overføring til ei anna gruppe eller annan klasse. Foreldre/føresette må informerast
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulen sin eigedom eller egedelar (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging o.l.)
- Vere på skulen før eller etter skuletid for å delta i samtalar med lærar/rektor og/eller for å utføre pålagte oppgåver
- Bortvising

### **3.2.2 *Bortvising***

Ved bruk av vald og/eller truslar, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar på 8.-10. årssteg visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Dette gjeld bortvising for enkelttimar, for resten av dagen eller for inntil tre dagar.

Før det blir gjort vedtak, skal eleven ha fått høve til å forklare seg munnleg, og ein skal ha vurdert å bruke andre hjelpe- og refsingstiltak, til dømes bruk av elevmekling.

Foreldre/føresette til elevane skal varslast før ein gjennomfører bortvising.

Rektor kan delegera mynde til lærar om å vise bort elevar på 1.-10.årssteg frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt avgrensa til to klokketimar. Slik bortvising er ikkje å rekne som enkeltvedtak etter Forvaltningslova. Skulen pliktar å ha forsvarleg tilsyn med elevane ved slik bortvising. (Opplæringslova § 2-10)

## **3.3 Konkret om brot på ordensreglementet og sanksjonar**

### **3.3.1 *Ugyldig fråvær***

Dersom eleven kjem for seint eller er ulovleg borte frå skulen, vil foreldre/føresette bli kontaktat slik at ein får vite årsaka til fråværet eller til at eleven kjem for seint. Dei tiltaka som blir sette i verk, må ein sjå i samanheng med årsaka, og eventuelt kor ofte eleven kjem for seint eller er borte frå undervisninga.

Foreldre/føresette skal involverast når fråværet, inkludert for seint-komming, går ut over eleven si læring og verkar forstyrrande på klassen sin totale læringssituasjon.

Foreldre/føresette må også informerast om det ansvaret dei har for eleven sitt frammøte til undervisning etter opplæringslova § 2-1.

Skulen skal ha eit system for å dokumentere fråvær.

Når det gjeld permisjon og anna lovleg fråvær, viser ein til permisjonsreglementet for elevar.

### **3.3.2 *Mobbing og valdeleg åtferd***

Vald eller truslar om vald skal ikkje akseptera. Mobbing er fysisk og/eller psykiske angrep som over tid er retta mot ein eller fleire elevar og/eller tilsette. Dette blir også rekna som vald.

Kvar skule skal ha ein handlingsplan mot mobbing. Denne skal også seie noko om skolen handsamar vald og trugslar om vald. Samarbeidsutvalet og skolemiljøutvalet skal ha høve til å uttale seg om skolen si handlingsplan mot mobbing.

Elevar som truar med vald eller som utøver vald, kan visast bort frå undervisninga/skulen. Foreldre/føresette til dei som utøver vald, og offeret sine foreldre/føresette, skal kontaktast. Grove valdsepisodar skal meldast til politiet.

### **3.3.3 Farlege gjenstandar**

Det er ikkje tillatt å ta med farlege gjenstandar til skulen, gjenstandar som kan påføre andre skade om dei blir brukte. Unnataket er dersom det er gjort avtale med tilsette på skole dersom gjenstanden/-ane skal brukast i fagleg samanheng.

Skulen skal legge beslag på farlege gjenstandar. Ulovlege gjenstandar skal leverast til politiet. Andre gjenstandar skulen har lagt beslag på, skal leverast til foreldre/føresette etter skuletid.

### **3.3.4 Rusmiddel**

Det er forbode å vere rusa, bruke, oppbevare, omsette eller ha med seg tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel til skulen.

Skulen skal legge beslag på rusmiddel som blir tatt med til skulen. Tobakk og alkohol skal leverast til eleven sine foreldre/føresette. Ulovlege rusmiddel skal leverast til politiet.

### **3.3.5 Hærverk på skulen sine bygningar og skulen, elevane og tilsette sine eidedelar**

Forsettleg eller uaktsam skade eller hærverk på skulen sin eide dom, eller elevar eller tilsette sine eidedelar og utstyr kan føre til erstatningskrav overfor foreldre/føresette. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr, jf. skadeerstatningslova § 1-1 og 1-2.

Elevar som utøver hærverk, skal påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar når dei har føresetnad for å gjere det, og arbeidet står i rimeleg forhold til brotet på reglementet.

### **3.3.6 Skulen sitt utstyr**

Skulen sitt utstyr skal ikkje brukast utan løyve frå tilsett.

### **3.3.7 Juks**

Juks eller forsök på juks kan få konsekvensar for karakteren i åtferd. Merknader om juks vil bli vurdert når karakteren i åtferd skal fastsettast. Har eleven juksa i ein prøvesituasjon, vil prøva bli annullert. Heimen skal varslast dersom dette kan føre til at det ikkje kan gjevast terminkarakter.

Eksamens i eit fag skal annullerast dersom eleven har juksa eller prøvd å jukse på eksamen. Spørsmålet om annulling av eksamen i faget skal avgjerast av rektor. Vedtak om annulling av eksamen kan verte påklaga til fylkesmannen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen.

### **3.3.8 Straffbare forhold**

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, kan rektor be politiet om bistand. Eleven sine foreldre/føresette skal varslast munnleg, dersom det let seg gjere, samstundes med at ein bed politiet om bistand. Foreldre/føresette skal alltid varslast skriftleg dersom det er søkt om bistand frå politiet.

Ulovlege forhold på skulen sitt område skal meldast til politiet. Det vil normalt vere den som blir fornærma, som leverer melding til politiet.

### **3.4 Enkeltvedtak**

Ei avgjerd om å vise bort ein elev for ein heil dag eller fleire dagar vil vere å forstå som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova (jf. kapittel V). Andre sanksjonar og refsingstiltak vil normalt ikkje vere enkeltvedtak. Dersom avgjerda vil ha store konsekvensar for eleven (t.d.. vedtak om utesenging frå enkelte arrangement), bør rektor likevel vurdere å følgje saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak.

### **3.5 Flytting av elev til annan skule**

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn nærmiljøskulen utan foreldra/føresette sitt samtykke. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. (Jf. opplæringslova § 8-1, 3. ledd). (Udir 3-2010)

Rådmannen tek avgjerd i slike saker.

## **Kapittel 4 Om vurdering/karakterar i orden og åtferd (FOL § 3-5)**

- 4.1 Ved vurdering i orden og åtferd skal det mellom anna takast omsyn til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for kvar skule.
- 4.2 Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Ein skal mellom anna vurdere om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast og har med nødvendige læremiddel og utstyr.
- 4.3 Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i orden. I særskilte tilfelle kan ugyldig fråvær også føre til nedsett karakter i åtferd.
- 4.4 Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette. Ved fastsetting av karakter i åtferd, skal ein ta omsyn til korleis eleven oppfører seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvar for tilsynet med elevane. Ein skal særleg legge vekt på korleis eleven opptrer overfor andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan også ta omsyn til korleis elevane ter seg mot kvarandre på skulevegen.
- 4.5 I vurderinga i orden og åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene til eleven. Til vanleg skal det ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthendingar, med unnatak av om enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.
- 4.6 Vurderinga av orden og åtferd skal haldast skilt frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

## **Kapittel 5 Saksbehandling**

Behandlinga av brot på ordensreglementet følgjer saksbehandlingsreglane i forvaltningslova Kap. III - Kap. VI ved enkeltvedtak. Det vil seie at følgjande saksbehandlingsreglar gjeld:

- 5.1 Skulen pliktar å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg, og avgjerda skal treffast på eit grunnlag som er forsvarleg utifrå saka sin art og karakter.

- 5.2 Før alle typar alvorlege refsingstiltak blir sette i verk, har elevane krav på å forklare seg overfor den/dei som skal fatte vedtaket. Eleven har rett til å ha med seg ein person i møtet med skulen. Vedtaket skal grunngjevast.
- 5.3 Ein skal gje grunngjevinga samstundes med orienteringa om vedtaket, med mindre særskilte forhold gjer dette vanskeleg. Grunngjevinga kan gjevast munnleg, men ved enkeltvedtak og ev. andre viktige avgjerder, skal grunngjevinga gjevast skriftleg.
- 5.4 Elevane sine foreldre/føresette skal få informasjon om innhaldet i saka og avgjerda som skulen har fatta. Ved alvorlege brot, bør informasjonen så langt det er mogleg gjevast *før* evt. tiltak blir sett i verk. Ved mindre alvorlege brot skal informasjonen seinast gjevast ved neste foreldresamtale. Jf. elles dei enkelte punkta.

## **Kapittel 6 Tidspunkt for når forskrifta trer i kraft og kunngjering**

- 6.1 Denne forskrifta trer i kraft 19. august 2013.
- 6.2 Reglementet for orden og åtferd, både det kommunale og det lokale, skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette ved skulestart kvart år. Dette er eit ansvar som ligg til kvar skule. Reglementet skal alltid vere tilgjengeleg på skulen og kommunen sine nettsider.